

## **Nordhordland Utviklingselskap IKS**

### **Styret si årsmelding 2014**

#### **Type verksemd og lokalisering**

Nordhordland Utviklingselskap IKS er eit interkommunalt selskap eigd av kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy. Selskapet har kontor i Knarvik.

Regionrådet legg til grunn i strategiplanen at selskapet skal jobba med marknadsføring av regionen, betring av kommunikasjonane, nærings- og arbeidsplassutvikling og generelt jobba for meir effektiv forvaltning og tenesteproduksjon for kommunane gjennom interkommunalt samarbeid m.v.

#### **Rekneskapsmessig resultat**

Rekneskapen viser eit mindreforbruk på kr 59 928,-. Styret foreslår at mindreforbruket vert avsett til disposisjonsfondet.

Drifta er finansiert av medlemsavgift frå eigarkommunane, prosjektinntekter og litt driftstilskot frå Hordaland fylkeskommune. Styret meiner at årsrekneskapen gir eit rettvise bilete av selskapet sine eigendelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

#### **Likestilling/HMS**

Selskapet har tre kvinner og to menn tilsett pr. 31.12.2014. Det er ikkje gjort spesielle likestillingstiltak. Innan HMS-området har dei tilsette tilbod om å kjøpa utstyr som kan betra arbeidssituasjonen til den enkelte.

#### **Arbeidsmiljø**

Det sosiale arbeidsmiljøet vert rekna som godt, og det er ikkje registrert skader på dei tilsette i 2014.

#### **Påverknad av det ytre miljø**

Verksemda har ikkje vore til last for det ytre miljø. Det har vore normal avfallsmengd og ingen ureinande tiltak frå verksemda si side.

#### **Grunnlag for fortsatt drift**

Som det kjem fram av årsrekneskapen er det grunnlag for fortsatt drift av verksemda.

Knarvik, 27. april 2015



Håkon Matre  
Styreleiar



Kari Torkildsen Utkilen  
Styremedlem / nestleiar



Arnhild Kjellevoll  
Styremedlem